

Kveldsfete=arbeid.

Av Andreas Aulstlid.

Dei lange svarte vetterkveldarne — naar elden sprakar i omnen og lampen lyser yver stova — kva gjer du daa?

Les paa leksor, reknar og skriv.

Godt det!

Na nei, det er ikkje berre godt. Ikkje for augo, og ikkje for hovudet; og ikkje for hugen din heller. Hev du høyrte gjete bok- ormar? Dei les um næterne, dei, og søv om dagen.

Sjaa heller til aa faa lesa og skriva og rekna so mykje du kann um dagen. Gjeng du i skule annan-kvar dag, so kann du det. Eg trur ikkje du skal sitja heile kvelden, fraa flokka 5 til 10, og hanga yver ei bok. Og ikkje kann du det heller, so du hev gagn av det.

Men um me segjer det halve. Meir vert det sjeldan lese, det veit eg visst. Um du tek halve tidi til bokfi og den andre halve til noko anna?

Kva skulde so det vera?

Smaagjentorne berre lær aat eit slikt spursmaal. Dei spyttar og bøter og vaskar, kardar og spinn, er med i fjøset, vondlar og mjøskar og brynner — og hjelper mor si med tusund ting. Dei hev arbeid nok, og meir enn nok.

Men du som er gut?

Er det skam trur du, um du hjelpte mor di med sumt slikt?

Kva trur du Gud likar best: anten du bøter vottarne dine sjølv, eller du slengjer deim burt paa mor di, som hev meir enn nok fyrr?

Eg kjende ein smaagut som spytta vottar og armingar, var med i fjøset, og vaska golvet for mor si kvar laurdag, so visst som laurdagen kom. Endaa lærde han baade aa lesa og skriva og rekna. Daa han var 20 aar, vart han lærar.

I ei bygd i Gudbrandsdalen var eg lærar i nokre aar. Der bømte kararne klædi fine. Naar kvelden kom, tok dei fram bømings-rullen med naal og traad og bøter, syl og reim og knappar; og det var ei skam aa bømte stygt. Det var sjølvfagt endaa større skam aa ikkje kunna.

Var ikkje dette ein betre skikk enn aa liggja paa benken og lata seg? Men vil du heller gjera anna arbeid enn slikt som her er nemnt, so gjerne det; du tarv ikkje vera oppraadd.

Taf upp tolkniven din, gut! Slip honom kvaas, bruk den daa! Um ikkje til anna, so gjer ein trehest til minste bror din.

Eg veit um tvo smaa gutar, sønerne til ein snikka. Den eine gjorde baatar av smaa bordstubar — og selde deim for 20 øyrrar stykket til by-born. Daa han var 13-14 aar, hadde ha 100 kronor i spareboki si. Og daa han vart vaksen, bygde han skip. No hev han bygt eit som kostar 100 000 kronor.

Bror hans bygde hus; smaa fine hus av haslekjeppar. Han var ikkje dyr, han heller. Folk kjøpte stabbur av honom for 40 øyrrar; for røykstovor tok han 50. Han vart byggmeister. Sist eg høyrde um honom, hadde han teke paa seg aa byggja ei kyrkja; og den skulde han hava 24 000 frunor for.

Hadde desse gutarne lege paa benken og lata seg um kveldarne — for langt hadde dei kome, trur du?

Men du kjem no vel aldri so langt — tenkjer du.

Kven veit det? Du hev fenge augo og øyro og hovud og tankar, og fem fingrar paa kvar hand, du og.

Og det er meiningi, at du skal bruka alt saman dette; ikkje minst fingrarne.



Lesebok for folkeskulen.

1909.